



Arkivnr: 2014/16772-29

Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		14.03.2018
Fylkesutvalet		11.04.2018

**Vegvisningsskilt og nye vegnummer for fylkesvegane i Hordaland****Samandrag**

Fram til 2010 var det berre riksvegane som var nummeret, og då store delar av riksvegnettet vart overført til fylkeskommunane vart det ikkje gjort endringar i vegnummereringa. Dette har mellom anna ført til at det ikkje lenger ein systematikk i vegnummereringa, og at både fylkesvegar og riksvegar innanfor same fylket har same vegnummer.

Statens vegvesen ønskjer å gjere endringar i vegnummereringa, med mål om at vegvisninga kan verte meir heilskapleg og forstaeleg for trafikantane. Størst endringar vert det i Hardanger og Kvinnherad. I samband med dette er det også vurdert å setje i gang eit arbeid med digital vegvisning med tanke på trafikkavvikling for ferjedrifta i Jondal og Årsnes.

**Økonomi:** Del av fylkesvegbudsjettet.

**Klima:** Ikkje direkte påverknad på klimagassutslepp.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Regional planstrategi:** Ikkje omtalt.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet sluttar seg til prinsippet om vegnummerering og framtidig vegvisning på fylkesvegnettet slik det går fram av Statens vegvesen sitt notat.
2. Fylkesutvalet ber om at den overordna fylkesvegen mellom Granvin – Trengereid framleis skal ha status som fylkesveg 7.
3. Fylkesutvalet ber om at det vert arbeidd vidare med forsterka, digital vegvisning retning vestover for å sikre best mogleg fordeling av køyretøy på ferjesambanda Jondal – Tørvikbygd og Årsnes – Gjermundshamn.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg

- 1 Uttale frå Hardangerrådet vedr endring av vegnummer for fylkesvegar i Hordaland
- 2 Høyringuttale - nye vegnummer for fylkesvegane i Hordaland
- 3 Uttale, Samarbeidsrådet for Sunnhordland
- 4 Notat om vegnummer i Hardanger og Kvinnherad, Statens vegvesen

## Fylkesrådmannen, 15.02.2018

### Bakgrunn

All skilting av vegnummer langs vegane er heimla gjennom skiltforskrifta, og nærmere detaljar er fastsett i Statens vegvesen si Håndbok N300 Trafikkskilt.

Fram til 2010 var det berre riksvegane som var nummeret, og då store delar av riksvegnettet vart overført til fylkeskommunane vart det ikkje gjort endringar i vegnummereringa. Dette har mellom anna ført til at det ikkje lenger ein systematikk i vegnummereringa, og at både fylkesvegar og riksvegar innanfor same fylket har same vegnummer.

Statens vegvesen ønskjer å gjere endringar i vegnummereringa, med mål om at vegvisninga kan verte meir heilsakleg og forståeleg for trafikantane. Størst endringar vert det i Hardanger og Kvinnherad. I samband med dette er det også vurdert å setje i gang eit arbeid med digital vegvisning med tanke på trafikkavvikling for ferjedrifta i Jondal og Årsnes.

### Ansvar for skilting i vegnettet

Regionane i Statens vegvesen har vedtaksmynde for aktuelle skilt i vegnettet, og fastset med det vegnummer for fylkesvegane.

### Endringar i vegnummereringa

Den gamle nummereringa i Hordaland nytta 500-serie ved tresifra nummer, i tillegg kom nummerering med eitt- og totalsordning. Statens vegvesen har slått fast at prinsippa i det gamle nummereringssystemet skal oppretthaldast, noko som inneber at det er særstaka føremål med to siffer å velje mellom, og at ein berre kan nytte ledige nummer i 500-serien for nye tresifra nummer.

I arbeidet med ny vegnummerering har det vore avgjerande vekt på ruter som vert køyrd gjennomgående av trafikantane. Dette er særleg vurdert i arbeidet med fylkesgjennomgåande ruter, og ruter til Bergen. For trafikantane er det viktig at det er samsvar mellom gjennomgåande vegnummer og gjennomgåande vegvisning.

Statens vegvesen opplyser at i Nasjonal vegdatabank (NVDB) og alle kartsystem kan ein vegstrekning berre ha eit nummer, så å skilte med to parallelle vegnummer vert berre gjort unnataksvis, og berre over kortare strekningar. Skilting med tre parallelle vegnummer er i utgangspunktet heilt uaktuelt.

### Fagleg innstilling frå Statens vegvesen

Statens vegvesen har i eit notat gjort greie for bakgrunnen og arbeidsprosessen med dette prosjektet. I notatet legg dei også fram si faglege innstilling. Den heiter som følgjer:

*I Hardanger og Kvinnheradområdet foreslår me tre hovudruter som då får tosifra fylkesvegnummer:*

- 48 (Bergen -) Tysse – Eikelandsosen - Gjermundshamn (- Rosendal/Husnes)
- 49 Bergen - Norheimsund - Jondal - Odda
- 54 (Odda -) Gjerde - Rosendal - Husnes - Stord

*Namn i parentes () syner strekning der skilting med to parallelle nummer kan være aktuelt. Alle namna i lista vil ikkje være like aktuelle å nytte som visingsmål langs ruta.*

*I tillegg til dei nye hovudrutene vil det være naudsynt å gjere følgjande endringar:*

- 548 Husnes - Skånevik - Håland/E134
- 549 Jektevik - Våge - Sævareid - Kilen
- 553 Mundheim - Strandebarm - Tørvikbygd
- 575 Norheimsund - Kvandal - Granvin

## **Særleg om Hardanger og Kvinnherad kommune**

Problemstillinga kring fylkesgjennomgåande ruter og rutevisning til Bergen er ei særleg problemstilling i Hardanger og Kvinnherad kommune, der vegnettet har vore bygd ut med fleire nye lenker dei siste åra. Dette har vore med på å påverke trafikantane sitt køyremønster i stor grad. Den gjennomgåande nummereringa i området har ikkje vorte oppdatert i takt med desse endringane.

## **Uttalar frå Hardangerrådet, Kvinnherad kommune og Samarbeidsrådet for Sunnhordland**

Som ein del av prosessen med framtidig vegnummer i Hordaland, har fylkeskommunen henta inn uttalar frå partar som har særleg interesse i saka.

### Uttale frå Hardangerrådet

I brev av 31. mai 2017 har Hardangerrådet gjev rådet si støtte til prinsippa som ligg til grunn for vurderinga av vegnummer, men peikar likevel på at vegen mellom Norheimsund og Granvin framleis må nummererast som fylkesveg 7. Hardangerrådet har gjeve følgjande uttale:

1. *Hardangerrådet støttar prinsippa som ligg til grunn for gjennomgåande nummerering av fylkesvegane i Hardanger og Kvinnherad. Hardangerrådet ser det som svært positivt at traseen frå Trengereid til Odda via Jondal får gjennomgåande nummerering. Den «nye» hovudtraseen mellom Odda og Bergen vil lettare kunne skiltast når den får ny nummerering slik forslaget inneber.*
2. *Hardangerrådet krev at fylkesvegen mellom Norheimsund og Granvin framleis må ha nummereringa Fv7. Denne vegen er omkjøringsveg for E16 og den er i tillegg svært kjend og innarbeidd som turistveg. Det er derfor eit krav frå Hardangerrådet at denne vegen framleis skal ha nummereringa Fv7.*

### Uttale frå Kvinnherad kommune

Kvinnherad kommune har i sin uttale ikkje støtta oppunder det forslaget som er lagt fram. Formannskapet i Kvinnherad kommune vedtok i sitt møte 12. oktober 2017 følgjande:

*Kvinnherad kommune er svært usamd med framlegg til ny vegnummerering i Hardanger og Kvinnherad. Kvinnherad kommune krev at fylkesveg 48 vert skilta til Bergen tilsvarende fylkesveg 49. Dette grunngjeve med at fylkesveg 48 gjennomgåande har betre vegstandard enn fylkesveg 49, prisen for dei vegfarande er monaleg lågare og både ferjetrekvens og kapasitet på ferjestøa i Kvinnherad er monaleg betre enn på sambandet Jondal-Tørvikbygd (fv. 49).*

### Uttale frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland

I brev av 13. oktober 2017 viser Samarbeidsrådet i Sunnhordland til Kvinnherad kommune sin uttale, og stør oppunder denne. I uttalen heiter det:

*Samarbeidsrådet for Sunnhordland støttar uttalen til Kvinnherad kommune i kravet om at fylkesveg 48 vert skilta til Bergen tilsvarende fylkesveg 49.*

## **Innverknad på reiselivet og turisme**

Hardanger er eit særleg viktig reisemål i Hordaland. I dei seinare åra har destinasjonen ytterlegare styrka seg med tanke på turistar som reiser i privat regi, til eksempel til utfartsstader som Trolltunga. Ut frå dette er det særleg viktig at vegskiltinga er intuitiv for ukjende trafikantar.

I tillegg til vegvisningsskilting er informasjonsskilt og skilting til attraksjonar, næringsverksemde og tenestetilbod langs vegen eit element. I særleg grad gjeld dette skilting av attraksjonar med brune skilt i Hardanger og Kvinnherad. Dette er det sett nærmere på i eit eige prosjekt, og resultata følger av ein rapport om reiseliv og infrastruktur, som vert gjort greie for i ei eiga sak til utval for miljø og samferdsel og fylkesutvalet.

I rapporten vert det rådd til å utarbeide ein overordna plan for korleis skiltinga i kommunar og tettstader bør vere med tanke på serviceskilting og skilting til bedrifter. Planen må deretter verte fylgt opp for oppsetting og oppdatering av skilt langs vegane. Langs turiststrekningane bør kommunane og reiselivsnæringa seie

noko om kva tenestetilbod og attraksjonar dei ønskjer å signalisere. Det er naudsynt at skilt som vert sett opp, vert oppdatert ved behov, til dømes med tildekking av skilt dersom tenestetilboden er stengt i delar av året. Her må det avklarast kven som skal ha ansvar for å utarbeida ein slik plan, og oppfølging av oppdatering av skilt ved behov.

I tillegg kan eit eige skiltprosjekt for Hardanger, med utarbeiding av felles design for private skilt, kan vere aktuelt.

### **Digital vegvisning til ferjesamband**

Vegvisning og vegnummer har og innverknad på større vegprosjekt og innkrevning av bompengar. I Hardanger og Kvinnherad har det særleg påverknad på ferjesambanda Jondal – Tørvikbygd og Årsnes – Gjermundshamn. Ved nokre høve er det for liten kapasitet på kaianlegga til desse sambanda, og det er difor grunnlag for å kunne opplyse trafikantane om dette på førehand. I den samanhengen er det løfta eit forslag om å sjå på forsterka, digital visning for ferjekaiane Jondal og Årsnes. I utgangspunktet er det naturleg å sjå på ei plassering av denne på austsida av Folgefonnstunnelen. I andre delar av landet vert liknande arbeid gjort, - der ein ser på ulike tekniske løysningar. På lengre sikt kan ein difor hauste erfaring frå desse, og sjå korleis det kan nyttast i Hordaland.

### **Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Fylkesrådmannen ser at det er trøng for å gjøre endringar i vegvisninga og vegnummerskiltinga i Hordaland, for å styrke informasjonen ut til trafikantane, særleg med tanke på fylkesgjennomgåande ruter. For reiseliv, turisme og langtransport til/frå Bergen er lett forståeleg vegvisning viktig, også når ein har digitale hjelpemiddel som GPS.

Statens vegvesen sitt arbeid har vore krevjande, ettersom det er mange omsyn å ta. Vegnumra er godt innarbeid lokalt og regionalt, og av den grunn synes det gjerne ikkje opplagt å skulle gjøre ei slik omlegging. Nokre opplever også at det er knytt tradisjonar til vegnummereringa. Møta og tilbakemeldingane med kommunane i Hardanger og Kvinnherad har vore heilt vesentlege i arbeidsprosessen, og det er positivt med ein slik medverknad i arbeidet.

Fylkesrådmannen merkar seg særskilt at vegvisning og vegnummer kan ha innverknad på turisme og næringsliv i den forstand at godt etablerte objekt endrar karakter. Det sterke lokale uttrykket for å halde fram med «fylkesveg 7» er eit slikt signal. Fylkesrådmannen sitt utgangspunkt er at prinsippa som Statens vegvesen legg til grunn bør takast til følgje. Slik sett føl ikkje ønskje om å oppretthalde vegnummer «fylkesveg 7» opp.

Vegvisning og vegnummer har og innverknad på større vegprosjekt og innkrevjing av bompengar. Ut frå dette er forslaget om å arbeide vidare med forsterka, digital visning for ferjekaiane Jondal og Årsnes eit fornuftig grep.

Totalt sett er saka etter fylkesrådmannen sitt syn godt utgreidd, og fylkesrådmannen sluttar seg til prinsippa som er lagt til grunn for vegvisning og vegnummer.

I tillegg til vurderingane rundt vegvisning og vegnummer så gjer fylkesrådmannen framlegg om å ta initiativ til prosjekt for å utarbeide ein overordna plan for skilt til attraksjonar (brune skilt), samt til moglegheit til private skilt i Hardanger knytt til lokal næringsverksemd som eit prøveprosjekt. Arbeidet bør verte leia av Statens vegvesen. Prosjektet bør koordinerast og vere eit ledd i arbeidet med endring av vegvisingsskiltinga i området. Hardangerrådet og Reisemål Hardangerfjord må inviterast inn i dette arbeidet.